

CANCIONERO DE LA COLOMBINA

Måndag 29. januar, 19:30, Vår Frue kirke

Quitería Muñoz, sopran
Ariel Hernández, tenor
Jesús G. Aréjula, bariton
Fahmi Alqhai, viola da gamba og musikalsk leiing
Accademia del Piacere, orkester

Barokkfest er storfornøgd med å kunne opna festivalveka med eit brak – med iberisk barokk!

Namnet «Cancionero de la Colombina» er teke frå ei musikkhandskrift som høyrer til musikkksamlinga i katedralen Santa Marie de la Sede i Sevilla. Det ber underittelen «Cantilenas vulgares puestas en musica por varios Españoles», eller «populære melodiar sett til musikk av ulike spanjolar.» Vi veit ikkje sikkert kven som laga denne handskrifta, eller kvifor ho blei laga, men ein meiner at verket stammar frå perioden 1640–1680. Det ein veit sikkert er at ho i 1534 hamna i eiga til Ferdinand Columbus

(1488–1539), som var den andre sonen til Christofer Columbus, som var ein namngjeten bokelskar. Etter at han døydde blei handskrifta gjeven til katedralsamlinga.

Den overlevande handskrifta, som vantar nokre sider, inneheld 95 verk, der nokre er ufullstendige. 42 av komposisjonane ber eit komponistnamn, medan dei resterande 53 er anonymt overførte. I samlinga finn ein heile 20 verk av den spanske renessansekomponisten Juan de Triana (–1497), som vi elles veit svært lite om. Dei øvrige namna er for det meste like ukjente, heilt til namnet til den fransk-flamske komponisten Johannes

Ockeghem (ca. 1410–1497) dukkar opp.

For musikkelskaren representerer eit repertoar som dette ei gullgruve. Enda kor flott dei meir kjente repertoara er, kan ikkje desse representera rikdommen i musikken som faktisk blei spela – til det er dei for konsentrerte om enkeltnamn og -område. Verka i denne samlinga ber namn som canciones, villancicos, romances og ensaladas – instrumental- og vokalmusikk som ikkje har nokon parallell i den i hovudsak tysk-italienske barokktradisjonen, men som gjev oss barokk på særskilt spansk vis.

Samproduksjon



GOBIERNO
DE ESPAÑA

MINISTERIO
DE CULTURA

inaem

INSTITUTO NACIONAL
DE LAS ARTES ESCÉNICAS
Y DE LA MÚSICA

